

Årsmelding 2016



Meland Skyttarlag
Anno 1900

Årsmelding Meland Skyttarlag 2016

Styret for 2016 hatt følgjande samansetjing:

Leiar	Knut Martin Bjørnestad
Nestleiar	Atle Håtuft
Kasserar	Arne Kartveit
Styremedlem	Asle S. Austegard
Styremedlem	Stian Meland
Styremedlem	Arne Dale Dalland
Ungdomsleiar	Ole Petter Søderstrøm

Sportslege resultat 2016

Samlagsstemnet miniatyr blei arrangert av Bergen Skyttarlag og 10 skyttarar frå laget deltok i ulike klassar.

Beste plassering av våre skyttarar hadde Sander Iden Søderstrøm i klasse junior med 344 poeng og ein 6.plass. Ole Petter Søderstrøm blei beste skyttar i klasse 3-5 med 322 poeng der han enda på ein 21 plass.

Rebekka Bjørnestad i klasse rekrutt skaut til 324 poeng og enda på ein 7.plass.

I V55 skaut Oddbjørn Meland til 333 poeng og enda på ein 14.plass, medan Rolv Fjeldstad i klasse V65 skaut til ein 8.plass med 326 poeng.

Samlagsstemnet felt blei arrangert av Seim Skyttarlag og 6 skyttarar frå laget deltok.

Rebekka Bjørnestad i klasse rekrutt oppnådde beste plassering med ein 5.plass med 24/8 medan juniorskyttaren Sander Iden Søderstrøm skaut 29/16 og enda på 10.plass.

Knut Martin Bjørnestad blei beste skyttar i klasse 2-5 + V55 der han skaut til 23/11.

Samlagsstemnet bane blei arrangert av Fana Skyttarlag der det deltok 5 skyttarar frå laget.

Sander Iden Søderstrøm skaut til 244 poeng i klasse junior der han enda på ein 9.plass. Blant seniorskyttarane frå Meland blei 5.klasseskyttaren Atle Håtuft best med 236 poeng og enda på 35.plass.

I V55 blei beste skyttar Oddbjørn Meland med 231 poeng og enda her på ein 19.plass medan lagets eldste deltakar Johannes Kartveit i V73 enda på 12.plass med 247 poeng.

Fana Skyttarlag stod i år som arrangør av Hordastemne felt der Oddbjørn Meland i klasse V55 var den som oppnådde beste plassering frå laget i klasse 2-5 + V55 med ein 87.plass med 19/8.

Hordastemne bane vart i år arrangert av Stord Skyttarlag og 10 skyttarar frå laget deltok. Beste plassering av våre skyttarar hadde Henrik Øvretveit i klasse 2 med 235 poeng noko som gav ein 6.plass.

I klasse 3-5 blei Ole Petter Søderstrøm beste skyttar frå laget med totalsum 235 poeng.

I klasse V55 skaut Oddbjørn Meland til 237 poeng og enda på ein 16.plass.

Blant lagets rekrutter fekk Rebekka Bjørnestad beste plassering med 228 poeng og ein 11.plass medan Sander Iden Søderstrøm i klasse junior enda på 12.plass med 247 poeng.

Vestlandsstemnet var i år lagt til Åsane/Hordvik Skyttarlag der 8 skyttarar deltok.

Beste plassering i laget hadde Sander Iden Søderstrøm i klasse junior då han skaut til 247 poeng og ein 12.plass.

Anders Refsland i klasse 2 skaut til ein 21.plass med 225 poeng medan Atle Håtuft enda på ein 13.plass med 341 poeng i klasse 3-5.

Beste skyttar i klasse V55 på bane blei Oddbjørn Meland med 233 poeng medan Johannes Kartveit i klasse V73 enda på 23.plass med 247 poeng.

Best på poeng ifrå laget i feltrunden blei Sander Iden Søderstrøm med 29/21 og ein 14.plass totalt i juniorklassen. På finfelten deltok også Johannes Kartveit i klasse V73 der han skaut til ein 23.plass med 28/11. I klasse 2-5+V55 skaut Ole Petter Søderstrøm til 20/7 og ein 108.plass totalt

Landskyttarstemnet

Årets landsskyttarstemne vart arrangert i Målselv og 11 skyttarar frå laget reiste nordover. Her vart det fokusert på sportsleg aktivitet og sosialt samhald.

Resultat frå LS-2016:

Klasse R:	Bane	Felt	Stang	Felthurtig
Rebekka Bjørnestad	238	28/14		
Sindre B. Haugsvær	244	25/15		

Klasse J:

Karl Arne B. Haugsvær	244	24/16
-----------------------	-----	-------

Klasse 1:

Arne Gunleiv Haugsvær	242
-----------------------	-----

Klasse 4:

Knut Martin Bjørnestad	236	22/10	15	14.77
Arne Dale Dalland	220			
Ole Petter Søderstrøm	234	23/11	13	****

Klasse 5:

Atle Håtuft	234
-------------	-----

Klasse V55:

Oddbjørn Meland	237	9/4	10	14.67
Knut Magne Bjørnestad	236	13/3	11	18.67

Klasse V73:

Johannes Kartveit	245	27/12	5	27.04
-------------------	-----	-------	---	-------

Skyttarane frå Meland har også vist kva dei er gode for på andre stemne, og nemner her nokre av dei best oppnådde plasseringane:

Sindre B. Haugsvær	kl. R: min, Lindås min, Meland felt, KM Meland bane, Tørvikbygd bane, Sartor	nr. 2 med 244 nr. 3 med 242 nr. 1 med 25/06 nr. 4 med 331 nr. 3 med 331
Rebekka Bjørnestad	kl. R: min, Høyland Auto Cup	nr. 2 med 1145
Erlend Molvik Larsen	kl. ER: min, Høyland Auto Cup	nr. 2 med 1231
Karl Arne Haugsvær	kl. J: min, Meland	nr. 3 med 248
Sander Iden Søderstrøm	kl. J: min, Lindås min, Høyland Auto Cup min, KM Lindås felt, Løvstakken karusell bane, Meland bane, Oppedal/Brekke bane, Nyborg bane, Seim bane, Fana bane, Holsen(Frydenbøcup) bane, Jølster(Frydenbøcup)	nr. 1 med 246 nr. 4 med 1212 nr. 2 med 243 nr. 8 med 30/15 nr. 4 med 345 nr. 1 med 346 nr. 3 med 344 nr. 4 med 347 nr. 3 med 345 nr. 4 med 346 nr. 2 med 346
Arne Gunleiv Haugsvær	kl. 1: min, Meland	nr. 2 med 243
Kim André Nygård	kl. 1: min, Meland	nr. 3 med 243
Sverre Dale	kl. 1: min, Tysse	nr. 4 med 240
Stian Bache Meland	kl. 4: min, Hyllestad	nr. 1 med 347
Asle S. Austegard	kl. 4: felt, KM Meland	nr. 2 med 41/04
Ole Petter Søderstrøm	kl. 4: min, Høyland Auto Cup felt, Rosendal felt, KM Meland bane, KM Seim	nr. 2(i kl.4) med 1165 nr. 4 med 30/19 nr. 1 med 41/05 nr. 3 med 242

Atle Håtuft	kl. 5: bane, Sartor bane, Hålandsdalen/Eikeland	nr. 3 med 342 nr. 4 med 344
Knut Magne Bjørnestad	kl. V55: min, Høyland Auto Cup	nr. 1 med 1183
Oddbjørn Meland	kl. V55: min, KM Lindås bane, KM Seim	nr. 1 med 242 nr. 1 med 241
Rolv Fjeldstad	kl. V65: min, KM Lindås min, Høyland Auto Cup	nr. 1 med 242 nr. 1 med 1212
Bjørn Fjellstad	kl. V65: bane, KM Seim	nr. 1 med 246

Lagsmeisterskap 15m miniatyr samla 17 deltagarar og klassevinnarar blei:

Kl. ASP:	1.Oscar Olsvoll	217 poeng
	1.Aleksander Bjørnestad	206 poeng
Kl. R:	1. Sindre B. Haugsvær	240 poeng
Kl. ER:	1. Erlend Molvik Larsen	241 poeng
Kl. J:	1. Sander Iden Søderstrøm	241 poeng
Kl. 1:	1. Kim André Nygård	249 poeng
Kl. 3-5:	1. Atle Håtuft	241 poeng
Kl. V55:	1. Knut Magne Bjørnestad	235 poeng
Kl. V65:	1. Sverre Dale	242 poeng

Lagsmeisterskap bane blei arrangert på jonsokaftan der ein avslutta med grilling og andre aktiviter, dette arrangementet samla 15 skyttarar.

Klassevinnarar her blei:

Kl. ASP:	1. Aleksander Bjørnestad	203 poeng
Kl. R:	1. Rebekka Bjørnestad	226 poeng
Kl. ER:	1. Erlend Molvik Larsen	242 poeng
Kl. J:	1. Sander Iden Søderstrøm	246 poeng
Kl. 1:	1. Kim Andre Nygård	336 poeng
Kl. 3-5:	1. Atle Håtuft	341 poeng
Kl. V55:	1. Knut Magne Bjørnestad	315 poeng
Kl. V65:	1. Bjørn Fjellstad	245 poeng

Økonomisk støtte

Laget har i år mottatt kr. 2500,- som økonomisk støtte, i tillegg til kr.18 208,- i MVA-kompensasjon av Det Frivillige Skyttarvesen, medan det blei tildelt kr.12 818,- i Frifondsmidlar

Laget har fått inn kr.18 984,- i Grasrotmidlar medan laget har tjent kr.1000,- på Landslotteriet. Idrettsrådet i Meland har fått midlar til fordeling til lag/organisasjonar i forbindelse med driftsstøtte og samtidig er det blitt utbetalt kulturmidlar. Til saman utgjer dette ei utbetaling på kr.97 784,-

I forbindelse med arrangering av skyteskule så har laget fått kr. 6000,- i støtte frå Samlaget medan det er utbetalt kr.2500,- frå Det Frivillige Skyttarvesen til dette formålet. Utbetalingane er basert på 12 skyteskuleelevar.

Laget har foreløpig mottatt kr. 19 630,- i sponsorstøtte frå ulike bedrifter. Denne summen vil auka noko etter kvart som bedriftene som har sagt at dei ønsker å sponse oss betaler inn på konto. Sponsorinntektene vil i hovudsak gå til oppgradering av grav 100m.

Meland Skyttarlag er svært takknemmelig for alle bidrag, sidan dette er nødvendig for drift, vedlikehald, utvikling og støtte til dei minste i form av våpen og ammunisjon.

JEGERSKYTING

På eigne oppsette dagar er det gjennomført jegerprøvetreningar og oppskytingar der det har vore bra oppmøte.

Ungdomsutvalet

Ungdomsutvalet har i 2016 bestått av følgjande medlemmer:

Leiar: Ole Petter Søderstrøm

Medlem: Reidar Øvretveit

Medlem: Gunnar Larsen

Det har vore minkande oppmøte av rekrutteringsskyttarar gjennom året der det har vært oppsett regelmessige treningar kvar tirsdag. På grunnlaget av dette så har laget arrangert skyteskule i håp om auka rekruttering.

På slutten av innandørssesongen på vårparten blei det i år også arrangert tur til Sunnfjord i regi av ungdomsutvalet, her blei det skote 3 miniatyrstemner og lagt vekt på stor sosial aktivitet i løpet av helga.

Lørdag 26.november arrangerer laget intern samling for dei mest rutinerte ungdomsskyttarane for å auka samhaldet og forhåpentligvis gje dei meir inspirasjon.

Saker som styret har jobba med

Det har dette året vore avholdt 4 styremøter der første varamann og leiar i ungdomsutvalet er innkalla til alle møter.

- Dette året har styret i hovudsak jobba med saker som drift og organisering av laget, samt utvikling av ungdomsarbeid som skyteskule og intern ungdomssamling. Det har også blitt planlegging av dugnadar, treningar, stemner og jegerskyting.

- For å arranger KM Felt har det blitt møter og planlegging av feltskytinga, lage til skivemateriell, påmelding/resultat, vaklister og elles anna for å kunna gjennomføra stemnet.

- Rehabilitering av grav 100m då det er problem med vanninnntrening i grava, noko som fører til forringelse og skade på elektronisk utsyr. Her vil alt skivemateriell bli fjerna før det blir installert tunnelduk i heile grava samt at dreneringer vil bli utbedra. Deretter blir det laga nytt tak og montert skiveheiser.

- Kjøp av tilleggsareal frå Roald Grasdal som er nærmaste nabo ved skyttarhuset for bygging av ny skytehall, samt utarbeiding av prosjektet.


Dugnad

- Dugnadsinnsatsen har i år vore retta mot interne behov som vedlikehald av graver, standplassar, nedslagsfelt, arrangerer stemner og generelt vedlikehald av anlegget.
- Det har blitt malt utvendig på standplass 100m men noko arbeid gjennstår til neste sesong.
- Det har også gått med mykje tid ifbm planlegging og gjennomføring av skyteskule, samt arrangering av firmaskyting.
- Arbeidsmøter for kjøp av tillegsareal til ny skytehall samt utarbeiding av prosjektet.
- Laget har montert opp skilt frå bedrifter som ønsker å sponse oss, noko laget set stor pris på.

Laget takker dei som virkelig har stått på dette året, med dugandsarbeid, treningar og dei som ellers gjer ein innsats for at «hjula går rundt» i laget.

Meland 21.11.2016

Meland Skyttarlag



Knut Martin Bjørnestad

Leiar